

Flinke ungdommar hjelper syriske flyktningar.

10.10.2015



Elevane ved Rosendal ungdomsskule med flott hjelpedugnad!

Alle har sikkert fått med seg den fantastiske innsamlingsaksjonen Abdulhai Kordo og borna hans Laith og Aila har hatt i samarbeid med Husnes ungdomsskule. Også ved Rosendal ungdomsskule er det sett i gang ein stor elevdugnad til hjelp for syriske flyktningar. For oss er det enkelt å støtte denne dugnaden. Vi treng ikkje letta oss frå sofaen ein gang!

Det er fleire måtar å hjelpe på. Det kan vera på tradisjonelt vis slik elevrådet skriv innleiingsvis i denne meldinga:
 - Elevrådet ved Rosendal ungdomsskule samlar inn pengar til syriske flyktningar, og du kjem difor til å møte kjekke ungdomar som vil vaske bilen din, passe hunden din, stelle i hagen din, arrangere datakurs for deg eller selje deg ei bolle. Alt dette gjer vi på dugnad, og alle pengane går til elevdugnaden.

I tillegg hadde dei aksjon i samband med Kvinnheradsløpet der deltakarar kunne gjera avtale om å betala ein sum for kvar kilometer dei gjekk/sprang.

Dessutan har elevrådet i samarbeid med rektor oppretta ei eiga nettside på **NRC Flyktningehjelpen** der vi kan gå inn og donera ein sum til hjelpearbeidet. Det er svært enkelt! Om ein har bankkortet klart, er det berre å følgja instruksjonane. Gjevarane kan sjølvsagt bestemma beløpet sjølv. Dei kan også opptre anonymt om dei ønskjer det. Dersom ein gjev 500kr eller meir, får dei også fråtrekk på skatten.

Dei som vil bruka denne ordninga til å støtta det viktige arbeidet, kan berre [klikka seg inn her](#). Deretter trykkjer ein på **Doner nå**.

Målsetjinga til elevdugnaden er 30.000kr. og til no er det kome inn 10.850 kr. Både firma og privatpersonar har gjeve støtte. Aksjonsperioden går fram til 24.oktober.

Det er kjempeflott at elevane ved ungdomsskulane engasjerer seg på denne måten. Gjennom det lærer vi at vi var heldige som vart fødd med det store vinnarloddet. Derfor har vi råd til å dela med dei som verkeleg treng det.

Flott ungdommar! Stå på!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Rosendal ungdomsskule.